

## Personleg, forteljande sjanger: Blogginnlegg

### Den beste dagen

I går var ein herleg dag. Eg hadde fått fri frå skolen fordi farmora mi skulle komme til Noreg.

Om morgonen drog mamma, pappa, broren min og eg til Gardermoen for å hente farmor. Da vi kom fram til flyplassen, såg vi at flyet var forseinka. Først sa mamma at vi skulle sitte og vente. Så sa pappa at vi kunne gå på kafé mens vi venta. Eg kjøpte ein stor kakao med krem. Den var kjempegod!

Etter ei stund såg vi at flyet til farmor hadde landa. Vi skunda oss til utgangen, og der såg vi henne! Sjølv om eg ikkje har sett farmor på mange år, så kjente eg henne igjen. Ho klemte oss lenge, lenge.

På ettermiddagen kom vi heim igjen. Farmor hadde med seg gåver til oss, og mamma hadde laga mat som farmor likar. Eg fekk fine klede og smykke. Sånne klede og smykke som ikkje går an å kjøpe i Noreg. Dei var kjempefine!

Om kvelden kom det gjester heim til oss. Onklane og tantene mine kom for å helse på farmor, og alle søskenbarna mine fekk også gåver. I går var den beste dagen på lenge, og eg er så glad for at farmor er her og besøker oss!